


ENRON





© 2011 Warner Bros. Entertainment Inc. All Rights Reserved. TM & © DC Comics. All Rights Reserved.



ENRON

av **Lucy Prebble**

Omsetjar: **STEPHEN WALTON**
 Komponist: **STEIN JOHAN GRIEG HALVORSEN OG EYVIND ANDREAS SKEIE**

Jeffrey Skilling **MADS OUSDAL**
 Ken Lay **JAN GRØNLI**
 Andy Fastow **PER SCHAANNING**
 Claudia Roe **NINA WOXHOLT**

Tilsett-Trader-Advokat **JON EIVIND GULLORD**
 Tilsett-Trader-Ramsay-Mus-Lehmanbrother **MORTEN ESPELAND**
 Tilsett-Trader-Raptor-Elise Deluka-Advokat 2-Mus **MARIE BLOKHUS**
 Sheryl Sloman-Senator-Dommar-Tilsett-Kongressrepresentanten **JORUNN KJELLSBY**
 Tilsett-Gayle Davenport-Irene Gant **GRETHE RYEN**
 Tilsett-Trader-Sikkerheitsvakt-Mus-Rettsbetjent-Kameramann **GARD S. SKAGESTAD**
 Tilsett-Trader-Raptor-Mus-Analytikar-Lehmanbrother-Kameramann **NIKLAS GUNDERSEN/NILS GOLBERG MULVIK**
 Tilsett-Trader-Raptor-Mus-Analytikar-Hewitt **HEIDI RUUD ELLINGSEN**
 Tilsett-Raptor-Trader-Mus-Analytikar-Arthur Andersen-Richard Grubman **HENRIK HORGE**
 Skillings døtrer **SYNNE EIDE/HENRIETTE H. BAKKE**

Regissør: **KJETIL BANG-HANSEN**
 Scenograf/kostymedesignar: **JOHN-KRISTIAN ALSAKER**
 Koreograf: **MARIANNE SKOVLI AAMODT/ANDRÉ DANIELSEN**
 Musikkansvarleg: **SVENN ERIK KRISTOFFERSEN**
 Lysdesign: **OLA BRÅTEN**
 Regiassistent: **JENS SMITH WERGELAND**
 Videodesign: **RAYMOND STUBBERUD**


Inspisient: **PÅL PANDE-ROLFSEN**
 Maske/parykkar: **NINA BLOCH**
 Maskemakar: **OLE JACOB BØRRESEN**
 Lyddesign: **TORE GUSTAVSEN**
 Rekvisitør: **HELGE FYKSE**
 Sufflør: **GRY HEGE ESPENES**
 Scenekoordinatorar: **FREDRIK JANSSON/PER GUNNAR GUNDERSEN**
 Kostymekoordinator: **KIRSTEN HØIDAHL**
 Lysmeistrar: **DAG SIGURDSSON/PER WILLY LIHOLM**


Forlag: **Colombine Teaterförlag**
 Foto: **L-P Lorentz. Bilda er tatt i prøveperioden**
 Programredaksjonen: **Kjetil Bang-Hansen, Line Rosvoll, Maia Strand, Ida Michaelsen**


Grafisk formgjeving: **Concorde Design**
 Trykk: **Merkur-Trykk AS**

Takk til LazyBoyz for lån av ein Harley Davidson

PREMIERE 14. JANUAR 2011 PÅ HOVUDSCENEN







FRÅ VISJONAR TIL KATASTROFE

Historia om Enron er nesten utan sidestykke i næringslivshistoria. Det gjekk frå uendeleg beundring til konkurs for selskapet og lange fengselsstraffer for toppleiinga.

Visjonane, ambisjonane og meisterhjernane

Etter deregulering av den amerikanske marknaden for gassrørleidning i 1985 blei det Texas-baserte energiselskapet Enron etablert gjennom ein fusjon mellom selskapa Houston Natural Gas og InterNorth. Dereguleringa førte til auka konkurranse, og fusjonen gav høg gjeldsbelastning for det nye selskapet. Styret i Enron meinte at selskapet trong ein ny og innovativ strategi for å overleve.

Kenneth Lay blei konsernsjef, og han engasjerte konsultentselskapet McKinsey for å hjelpe til med å utforme ein slik ny strategi. Jeff Skilling var McKinseys mann på oppdraget. Resultatet av strategiprosessen blei ein heilt ny visjon for selskapet og eit paradigmeskifte for heile bransjen. Enron blei ein «bank» i gassmarknaden – eit mellomledd som tok imot innskot av gass og lånte han vidare. Dette blei gjort mogleg gjennom eit sett av kompliserte kontraktar. At det var komplisert, var ikkje ei hindring for Enron – tvert imot – i det selskapet elska ein det kompliserte.

Lay var så imponert over Skillings tenking og arbeid at Skilling i 1990 blei rekruttert til ei sentral leiarstilling for å vidareutvikle den nye verksemda i selskapet.

av ERIK MAMELUND
Erik Mamelund er statsautorisert revisor og dagleg leiar i Ernst & Young Norge, tidlegare dagleg leiar av Arthur Andersen i Noreg. Mamelund har fleire års erfaring som ansvarleg partner for Ernst & Youngs største børsnoterte revisjonskundar. Han har også fleire år bak seg som nordisk styrerepresentant i International Accounting Standards Committee og har vore leiar for Regnskapsstandardstyret i Norsk RegnskapsStiftelse.

Lay og Skilling var meisterhjernane. I 1996 blei Skilling neststjef. Lay og Skilling utvikla ikkje berre ein ny strategi, men også ein ny bedriftskultur i Enron. Ikkje berre var det ein visjon, men ein misjon – dei skulle skape noko heilt nytt. For å realisere målet måtte dei rekruttere dei aller, aller beste, flinkaste og mest intelligente studentane frå universitet og høøgskolar. Ikkje nok med det – dei måtte jobbe hardt, og dei måtte vise gode resultat. Andy Fastow var ein av desse unge flinke som blei rekruttert. Fastow var 29 år då han ble tilsett i 1990, men rykka raskt oppover i leiinga og blei i 1998 økonomi- og finansdirektør i selskapet.

Gode tider for Enron og ei ny tid

I løpet av ein 15-års-periode voks Enron til å bli eitt av dei største selskapa i USA og verda. Enrons vekstperiode fall saman med ei sterk økonomisk utvikling i verda på 1990-talet. Alle snakka om «den nye økonomien» – om kunnskapssamfunnet og den digitale revolusjonen med internett og dot.com. I ettertid kan ein seie at det var for stor optimisme i alle lag av samfunnet – frå leiarar i næringslivet, investorar, bankfolk og politikarar til den vanlege mannen i gata.

Visjonen frå Enrons opphavlege «gassbank»-strategi blei utvikla vidare og over-



ført til andre område. Selskapet skulle kjøpe og selje mange typar av råvarer med levering både på kort og lang sikt. Det spende frå breibandskapasitet til ulike forsikringsprodukt, m.a. forsikring mot dårleg vær. Enron var i 1999 også først ute med å tilby kjøp og sal av ulike typar produkt via internett.

Magasinet Fortune peika Enron ut som eitt av dei mest innovative selskapa i verda. Selskapet blei beundra av næringslivsleiarar over heile verda, og investorar kjøpte stadig fleire aksjar. I august 2000 sette aksjekursen ny rekord. Leiarane i Enron hadde tilgang til den fremste politiske eliten i verda. For Enron – leiarar og medarbeidarar i selskapet – var alt mogleg. Men bak den flotte fasaden blei det teke stadig nye og, som det etter kvart skulle vise seg, ulovlege, grep for å vise fram store overskot.

Baksida av suksessen

Finansdirektør Fastows oppgåve var å finansiere Skillings visjonar og vekst. Det kravde mykje pengar, og stadig meir. Selskapet lånte meir, og selskapet blei mindre solid. Samstundes var det fleire selskap som utfordra Enron, og konkurransen reduserte fortanestemarginane. Enkelte av Skillings nye satsingar enda i fiasko. Det blei stadig vanskelegare å låne pengar. Enron fann likevel nye måtar å låne pengar på, og bankane var med.

Gjennom å flytte dotterselskap som gjekk med underskot ut av balansen og inn i såkalla «Special Purpose Entities», blei resultatata til Enron kraftig oppblåsne i forhold til korleis selskapet verkeleg gjekk.

Selskapets grunnverdiar var frå starten «respekt, integritet og openheit». Etter kvart blei likevel gode resultat og suksess det dominerande kriteriet for tildeling av bonusar og forfremming til betre betalte jobbar. Det var ein kultur prega av anten opprykk eller oppseiing. For dei beste og mest framgangsrike kunne bonusane bli svært høge. Leiarane aksepterte mykje dersom resultatata var tilstrekkeleg gode.

Problema med å tene pengar og finansiere den daglege drifta nærma seg etter kvart det uoverstigelege. Det dreiv Lay, Skilling og Fastow og alle dei «briljante» medarbeidarane deira stadig nærare stupet. Ein gjekk frå realisme til optimisme – somme til tru og håp, og andre til tvil og skepsis. Tru og håp gjekk på slutten over til panikk og utmatting.

Lay, Skilling, Fastow og fleire andre leiarar var mellom optimistane. Leiinga aksepterte ikkje faresignal frå eigne medarbeidarar, finansanalytikarar og media, og dei tålte ikkje kritikk. Eksterne analytikarar som peika på veikskapane i Enrons rekneskap, blei utskjelte i full offentlegheit av Skilling.

Det var også mange optimistar blant dei leiande bankane i verda, blant investorar, bedriftsrådgivarar, blant advokatane i Vinson & Elkins og revisorane i Andersen. Dei har blitt kalla «leiingas nyttige idiotar», og alle hadde eit økonomisk motiv i Enrons suksess. Fallet kunne bli stort.

Enrons siste tid

Enrons fall skjedde stort sett i løpet av eitt dramatisk år. Det skjedde samstundes med den økonomiske nedturen i verdsøkonomien og aksjemarknadene i verda. Men Enrons fall var noko langt, langt meir enn det.

Lay pensjonerte seg i februar 2001, og Skilling overtok som toppsjef. Allereie i august same året trekte Skilling seg frå toppsjefjobben og gjekk ut av selskapet, og Lay kom inn att. I perioden frå mars til august hadde aksjekursen blitt halvert – og frå august 2000 hadde aksjeverdien falle til ein tredjedel.

Samstundes som Lay sjølv selde aksjar privat, tilrådde han andre å kjøpe Enron-aksjar. Tusenvis av tilsette kjøpte aksjar privat, og endå verre: Dei hadde store delar av pensjonsmidlane sine bundne opp i Enron-aksjar etter kjøp gjorde av pensjonskassa i selskapet.

I oktober 2001 offentleggjorde selskapet sitt første kvartal med underskot. Som følgje av enkelte opplysningar som kom fram i rekneskapen for tredje kvartal, sette det amerikanske verdipapirtilsynet i gang undersøkingar av selskapet. Samstundes blei Fastow beden om å forlate selskapet. Den 8. november 2001 rapporterte selskapet at det hadde funne feil i rekneskapane som hadde bygd seg opp heilt tilbake frå 1997. Enron blei så tvinga til å rekneskapsføre ytterlegare tap.

Tapa frå dotterselskapa som var løfta ut av rekneskapen kom no fram i lyset: Enron tente ikkje pengar, hadde for mykje gjeld og omverda mista all tillit. Den 2. desember 2001 søkte selskapet om konkursvern, og det blei innleidd politietterforsking av leiarane i selskapet. Dette var eit sjokk for heile verda. Og fleire tusen tilsette, pensjonistar og småaksjonærar merka det direkte på kroppen. Ikkje berre gjekk Enron over ende, men eitt av dei største revisjonsselskapa i verda, Andersen, med nærmare 100.000 tilsette, måtte avviklast etter at det amerikanske justisdepartementet nekta selskapet konsesjon til å halde fram med verksemda i USA.

Den amerikanske presidenten George W. Bush kom også i søkjelyset – det blei hevda at han hadde tette band til toppleiinga i Enron. Bilda av toppleiinga på veg inn i fengsel er slutten på denne historia.

Leiinga blei dømd for ulike former for bedrageri. Skilling fekk ei straff på 24 år og 4 månader i eit føderalt fengsel. I tillegg måtte han betale 26 millionar dollar til Enrons pensjonsfond frå eiga lomme. Lay blei dømd til ei fengselsstraff på 45 år, men døydde 64 år gammal i 2006. Fastow valde å samarbeide med påtalestyresmaktene og fekk redusert straff av den grunn. Likevel blei det 10 år i fengsel og eit erstatningskrav på 24 millionar dollar.

Til nynorsk ved Arne Torp





NÅR GRISKHETA TEK OVERHAND

Marknadsøkonomien har gjeve mange menneske over heile kloden enorm velstand frå den spede starten på 1700-talet og fram til i dag. Men evna til å forstå dei grunnleggjande etiske og filosofiske utfordringane ved det å vere menneske har ikkje nødvendigvis forandra seg på same måte over hundreåra. Dette var både marknadsaktørar og intellektuelle klar over alt på 1700-talet. Framvoksteren av marknaden og eit kapitalistisk økonomisk system var tett knytte til ein debatt om moral og etikk. Utan ein moralsk grunnmur er ein fri marknad utenkjeleg. Marknad og moral høyrer saman. Marknaden er basert på ærlegdom, tillit, sannferdig informasjon og respekt for avtalar. Utan at folk har ein nokolunde felles forretningsetikk, at ein kan lite på andre og rekne med at dei oppfører seg heiderleg, vil systemet bryte saman.

Kva grådigskap eller umoralsk oppførsel kan føre til, og korleis etiske vurderingar handlar om karakter, viser den greske filosofen Aristoteles heilt tydeleg allereie i antikken. Den vanskelege middelvegen er den beste. Vestleg filosofi og religion har vore oppteken av å kjempe mot lyster, laster og umoralske tildriv heilt sidan Aristoteles skreiv *Den nikomakiske etikken*. Spørsmålet som vart aktualisert med handel og økonomisk vekst utover på 1700-talet, var nettopp korleis laster som grådighet, ambisjonar, havesykje og andre mindre flatterande drifter skulle temast. I ein pamflett frå 1697 skriv til dømes pater Thomassin om «denne drifta til å ville skaffe seg meir og meir, denne enorme grådigskapen, er han uskyldig, eller

av MATHILDE FASTING
Mathilde Fasting arbeider deltid som prosjektleiar i Civita. Ho er siviløkonom frå NHH og har BA og MA-eksamen i idéhistorie frå Universitet i Oslo. Hun har arbeidserfaring innan strategi og business development frå Orkla og Storebrand, og frå drift av eigne verksemder innanfor eigeidom og handel. Ho arbeider med temaet «marknad og moral» og «velferdsstatens historie» for Civita. I tillegg jobbar ho med ei PhD-avhandling om økonomien og juristen Torkel Aschehoug.

er han på grensa til å vere kriminell?» Når pengar, forbruk og handel vart mogleg for kvar enkelt å sysle med, vart førestellingar om moderasjon, nestekjærleik og altruisme utfordra. Skulle lastene nedkjempast gjennom sjølvkontroll, Aristoteles sitt omgrep om klokskap (*fronesis*) og ved å velje den gylne middelvegen? Eller var det berre å innsjå at menneska var drivne av laster, som eksempel til dømes grådighet, og at dei fleste ikkje ville klare sjølvkontrollen på eiga hand? I det første tilfellet handlar det om etikk og moral, i det andre tilfellet blir det opp til lovgjevarane å utforme eit system som kontrollerer uheldige utslag av menneskeleg oppførsel.

På 1700-talet ville ein finne svar på korleis uregjerlege drifter, som griskheit, kunne kontrollerast og kanalisert til fornuftig verksemd. Eigeninteressa vart sedd på som ein naturleg eigenskap ved mennesket. Den nye moralen vart legitimert av Adam Smith, som i *The Wealth of Nations* (1776) meiner at eigennyttige motivkrefter resulterer i ein generell velstandsauke som kjem dei breie laga i samfunnet til gode, også dei fattige. Ikkje berre aukar dei frie marknadene den nasjonale velstanden, men dei siviliserer samtidig mennesket. Smith er pragmatisk, prosjektet hans går ikkje ut på å endre menneskets moral. Men han meiner at i eit fritt marknadssamfunn vil det i lengda lønne seg å opptre *anstendig*. Marknadssamfunnet framhevar eigenskapar som måtehald, tillitsfull atferd og langsiktigheit i relasjonar. Smith meiner at marknadsmekanismane berre fungerer dersom dei økonomiske aktørane held seg til spelereglane og gjeldande forretningspraksis. Marknaden er avhengig av at aktørane opptre tillitsfullt og ærleg. Det viktige poenget i debatten på 1700-talet var nettopp at eigeninteressa skulle brukast fornuftig. Eigeninteresse utan grenser er både farleg og uønskt. Her var ein altså på linje med dei som i dag kritiserer griskheitsmotivasjonen i næringslivet. Grådighet heng gjerne saman med kortsiktigheit, folk vil ha rask vinst. Slik vil også kortsiktige incentivstrukturar og bonusordningar lett kunne oppmuntre til annan oppførsel enn det som var intensjonen.

Eigeninteressa er rasjonell, samtidig som ho er styrt av drifter og kjensler. Grådighet er berre ei av driftene. Ei viktig drivkraft som held grådigheta i sjakk, er behovet for å bli likt og beundra. Mange moralfilosofar på 1700-talet hevda at dette menneskelege tildrivet er så sterkt at det kontrollerer uheldige utslag av ei rad andre og mindre sympatiske drag. Lover og reglar i samfunnet, eller andres blikk og mening, fører til sjølvregulering og kontroll. Argumenta i debatten på 1700-talet var ofte prega av kva for utgangspunkt ein hadde. Var til dømes utgangspunktet i tråd med Augustin eller Hobbes (det vil seie at mennesket var syndig og vondt av natur), så ville sjølvkontroll ikkje vere til hjelp. Løysinga vart ofte ein aksept av at mennesket var fortapt, og at driftene måtte styrast av lover og reglar, eller av «dei andres» blikk. Andres ros og ris kan ofte vere sterke pådrivarar for å kontrollere uønskt atferd. Eit anna utgangspunkt,

meir i tråd med Aristoteles, var at mennesket sjølv kunne nedkjempe dei grådige disposisjonane sine gjennom å arbeide med seg sjølv og sin eigen karakter.

Debatten om moralen (og umoralen) i kapitalismen og marknaden er ein av dei viktigaste moraldebattane i samfunnet i dag. Han kastar lys over ikkje berre korleis vi oppfattar store delar av samfunnet rundt oss, men også korleis vi kan gjere det betre. Dersom det hadde vore slik at ein berre kan gjere som ein vil, utan moralske rammer, kan det lett gå slik som i Enron. Den moralske grunngevinga for marknadsøkonomien er at han føreset at den einskilde er fri til å velje. Med fri dommen følgjer ansvar, og det er kanskje her mange i dag bommar. For med ansvar følgjer moral, evna til å treffe gode val og å gjere gode vurderingar.

Det går eit viktig skilje mellom lov og ulov – og rett og gale. Lova kan ikkje, og bør ikkje, regulere alt. Jamvel den som held seg innanfor lova, kan opptre uetisk eller umoralsk – akkurat som ein som bryt lova, under visse omstende kan handle moralsk. Dette gjeld i alle forhold i livet – også dei som dreiar seg om pengar. Det kan lyde enkelt å seie at ein i forretningslivet berre skal trakte etter størst mogleg inntening eller avkastning, og ikkje ta omsyn til etikk ut over krava til å vere ærleg, følgje lovene, vere open og halde avtalar. Men i ei verd der store og raske pengar kan skape enorme freistingar, trengst det moralsk ryggrad å halde fast ved full ærlegdom og sanning, klart innanfor lovparagrafane og i tråd med rimelege forventningar frå andre aktørar. Desse verdiane krev ein moralsk karakter som må vere grunnfesta både i personlegdom og kultur.


Lover, reglar, incentiv og andre rammevilkår påverkar oss. Dei kan vere gode og dårlege – og dei kan jamvel vere laga av lite kompetente eller lite moralske menneske. For finansakrobatar eller andre som ønskjer å tøye grensene, vil det alltid vere råd å finne ein sjanse. Men er lovsystema gode, blir det vanskelegare, og risikoen blir større. Det vil til sjuande og sist handle om i kva grad vi kan «stå oppreiste inni oss sjølve». Etikken må vere integrert i den økonomiske verksemda.

Marknaden føreset eigendrift og eigeninteresse, men ikkje grenselaus grådighet. Framleis er det eit gjeldande prinsipp i konkurransestyrte, kapitalistiske samfunn at eigeninteresse allokterer arbeidskraft og ressursar på ein måte som gjev størst mogleg produksjonsutbytte til så låge prisar som råd. Eigeninteresse motiverer innovatørar og entreprenørar til å snu seg rundt for å setje i gang konkurranseedyktige og levedyktige prosjekt. Etikken var grunnleggjande for Adam Smiths teoriar om det moderne samfunnet. Han såg farane ved å ha forskjellige etiske spelereglar, og det å ikkje ha etiske reglar i det heile, var utenkjeleg. Målsetjinga må vere å få marknaden og eigeninteresse til å verke saman på ein fornuftig måte.

Til nynorsk ved Arne Torp







POLITISK TEATER I NOREG

All kunst er ei slags *forteljing* om verda. Enten det er eit bilete, eit musikkstykke eller ei teaterframsyning, så finst det ein komposisjon, ei samstilling av ulike verkemiddel, ulike meiningar. Ein del kunst speglar og skildrar ganske ukritisk si eiga tid, annan kunst forvrenger, reflekterer og motseier. Kunsten er ein måte å *sjå* på. Mykje kunst uttrykker seg politisk, den har forandring og omvelting som mål, men kunst kan òg ha heilt andre og meir subtile (til og med nesten usynlege) måtar å *fortelje* verda på.

Norsk teater har ei heller kort historie, det dei fleste forstår med teater har vi hatt i berre rundt 200 år. Mange av desse åra har teatret spelt ei viktig og bevisst politisk rolle. Ikkje minst har dette komme til uttrykk i kampen for/om norsk språk. Dei fleste teaterslaga i Noreg utover på 1800-talet dreidde seg om at ein ville høyre norsk språk talt av norske skodespelarar (ikkje dansk av danske!) på scenen. Dette passa som hand i hanske til det gryande lausrivingsprosjektet som nasjonsbyggerane sette i scene. Den nasjonale *identiteten* var i spel på scenen, i salen og i byrommet.

Henrik Ibsen var eit ektefødd barn av dette prosjektet, etter kvart også ein innbitt kritikal. Hans politiske iscenesetjingskunst var mellom anna å finne nye former for språkleg-teatrale avdekkingar av det fortagde, det løynde, det undertrykte. Karakterane hans fylte eit borgarleg verdsteater der samtidas maktstruk-

av KAI JOHNSEN

Kai Johnsen er kunstnarleg leiar for tekstutvikling ved det nyoppretta Dramatikens hus. Han er utdanna sceneinstruktør ved Statens Teaterhøgskole i Oslo, har hatt regien på meir enn 40 framsyningar ved leiande teater i inn- og utland. Han er særleg kjend for sitt arbeid med samtidsdramatikk, mellom anna ei rekkje urpremierar på stykke av Jon Fosse. Johnsen har òg vore tilsett som instruktør og dramaturg ved ulike teater og som scenekunstkonsulent i Norsk Kulturråd.

turar vart diskuterte og kritiserte. Demaskeringane hans skapte uro blant datidas makthavarar. Ibsen var ein sylkvass kritisk portrettør av det borgarlege individet.

Da Det Norske Teatret opna i 1913 (tvers over gata for publikumsamfiet på dagens hovudscene) med blant anna *Rationelt fjøsstell* av Hulda Garborg og *Jeppe på Berget* av Ludvig Holberg, på *nynorsk* omsett av Arne Garborg, var det på ny duka for store teaterslag i salongen og gatelangs i Oslo sentrum. Utan tvil handlar denne slåstinga om mykje meir enn berre språkstrid, den rådande, politiske maktbasen vart utfordra på sin eigen heimebane. Verda var òg noko anna enn det byborgarskapets samfunn og teater kunne famne. Det Norske Teatret klarte òg i mange av tiåra som følgde å halde på både ein innhaldsmessig og teaterfagleg kritisk posisjon i høve til «the establishment» i hovudstaden.

I mellomkrigstida vart kunsten eit viktig politisk verkemiddel for dei ulike frontane. Det var ei tid for voldsame eksperiment som greip om seg og vart opphav til *ismar* med liktlydande namn i både kunst og politikk, heile kunststrømmet vart politisert. Norsk teater var t.d. gjennom dramatikaren Nordahl Grieg og regissøren Hans Jakob Nilsen på ulike måtar påverka av desse straumdraga. (m.a. i *Vår ære og vår makt* på Den Nationale Scene i Bergen i 1935, eit stykke om jobbetida under den 1. verdskrigen). Også innafor den opent agitatoriske delen av arbeidarrørsla fanst det vilje og evner til å ta i bruk teatret som kampmiddel. Men den kanskje mest spektakulære teaterkonflikten i denne perioden fekk ein i 1933 da Nationaltheatret framstilte Gud som ein farga mann i *Guds grønne enger*. Stykket vart stansa etter ei framsyning, mellom anna etter oppmoding frå Stortinget. Framleis var det i stor grad borgarlegheita som definerte politikken i teatret.

I etterkrigstida kom den eigentlege psykologiske realismen (gjennom den russiske teaterfornyaren Konstantin Stanislavskij) til norsk teater. Det oppstår ein slags nøytral symbiose mellom amerikansk realisme og sosialistisk realisme – som passar det framveksande norske sosialdemokratiet godt. Det var det same sosialdemokratiet som med «armlengdes avstand» meir og meir tok over finansieringa av kunsten. Dess lengre denne sjenerøse finansieringsiveren strekte seg, dess mindre kritisk-politisk vart norsk teater.

I etterdønningane etter 1968 vart det over heile Europa gjort opprør mot institusjonane, men ikkje særleg merkande her i landet. I staden vart det mellom anna oppretta regionteater, nye institusjonar med stor fridom både når det gjalt kunstnarleg orientering og organisering. Hålogaland Teater i Tromsø vart tidleg på 70-talet eit radikalt og kontroversielt eksperiment. Dei tok parti for lokalbefolkninga og deira konflikter med både kapitalkrefter og storsamfunnet. Kjetil Bang-Hansen, regissør for *Enron* var på om lag same tid leiar for ein svært sterk kunstnarleg konstellasjon ved det nyoppretta Teatret Vårt i Molde, som jobba et-

ter ei meir eksistensialistisk orientert linje. (Nemnast bør òg det oppsøkande teatret *Svartkatten* på Nationalteatret som i 1971 i Arild Brinchmanns sjefstid tok utgangspunkt i den omstridde konkurransen og oppseiingane ved Vestfos Cellulose)

På 80- og 90-talet vart norsk institusjonsteater merkbar avpolitisert. I den grad konfliktfylte tema vart tekne opp, var det på ein måte som alle kunne gå god for. I ei tid da underhaldningsindustrien festa eit sterkare og sterkare grep om kulturen, var den eksperimentelle prosjektgruppa Baktruppen av dei meir politiske. Gjennom avanserte koplingar mellom diletantisme (amatørskap!) og ikkje-intimiserande, private sakskompleks, skapte dei seg eit namn i Europa. Strategien deira var ikkje tydeleg eller opplagt politisk, men likevel gjennomsyra av vilje til politisk haldning.

Den franske teaterforskarer Vincent Rafis har nyleg hevda at Jon Fosse er ein av dramatikarane i vår tid med tydelegast politisk sprengkraft. Nettopp Fosses mangel på «saker», «engasjement», «debatt» er, i følgje Rafis, eit tydeleg tilsvaret til vår tids herskande førestellingar om kva det er viktig å halde på med. Fosses bruk av taushet, repetisjon og dødsleing er det stikk motsette av det tonegjevande krefter i vårt samfunn ønskjer å føre til torgs.

Når det, som i dag, er stor semje om mange viktige spørsmål, kunne det kanskje vere på sin plass å spørje, treng vi eit politisk engasjert teater? Offentlegheita, og mange kunstnarar sjølv, ber stadig vekk om at ein skal *ta stilling*. Men den forma for stillingstaking ein etterlyser er ofte eit produkt av kampen om definisjonsmakta, altså *om kva og korleis ein skal ta stilling* (og dermed kva ein *ikkje skal* bør ta stilling til). Den som definerer kva og korleis kunsten skal vere politisk er da, i eit politisk perspektiv, eigentleg den som bør setjast i scene.

Den kunsten som ikkje reiser spørsmål om korleis ein *fortel* verda kan lett risikere å bli ein villig støttespelar for tidas egne makthavarar.

Til nynorsk ved Arne Torp





















KJETIL BANG-HANSEN er ein av dei mest akta og prislønte regissørane i landet. I 2002 blei han utnemnd til riddar av St. Olavs orden. Bang-Hansen samarbeider ofte med scenograf John-Kristian Alsaker. Dei siste åra på Nationaltheatret har dei to m.a. stått bak *Figaros bryllup*, *Hjemkomsten*, ... *Til døden skiller oss ad*, *En tjener for to herrer*, *Festen*, *Nattergalen*, *Demokrati*, *Reisen til julestjernen* (2007), *Tilbaketoget fra Moskva*, *Fanny og Alexander* og *Blodig alvor*.



JOHN-KRISTIAN ALSAKER har ein lang og innhaldsrik karriere bak seg, både nasjonalt og internasjonalt, innan teater, opera, film og fjernsyn. Mellom anna stod han for scenografien til opnings- og avslutningsseremonien under OL på Lillehammer. Alsaker er heidra med fleire prisar, m.a. den amerikanske Emmy-prisen for filmatiseringa av *Phantom of the Opera*.




MARIANNE SKOVLI AAMODT er ein merittert koreograf og dansar. Ho har vore med i kompani som ODE, Carte Blanche, Studio Oscar og Norsk danseteater. I dei seinare åra har ho gjort stor suksess som koreograf og medinstruktør for Oslo Nye Teaters oppsetjingar av *Les Misérables*, *Singin' in the Rain*, *Spellemann på taket*, *La Cage aux Folles*, *My Fair Lady*, *Chicago* og *Cabaret*.



OLA BRÅTEN er utdanna ved Yale University, der han studerte scenografi, lysdesign og kostyme. Han har erfaring frå Nationaltheatret og Rogaland Teater og har vore knytt til Det Norske Teatret som lysdesignar sidan hausten 2009. Her har han vore aktuell med *Jesus Christ Superstar*, *Don Carlos*, *Next to Normal*, *Den hemmelege hagen* og *Glade dagar*.



STEIN JOHAN (Steinjo) GRIEG HALVORSEN og EYVIND ANDREAS SKEIE har dei siste åra skrive musikk til *Team Antonsen*, *Hovedscenen*, *Team Eckbo*, *Melodi Grand Prix*, *Slå på ring* og *Påpp & Råkk* på NRK. Dei har òg komponert musikk til fleire spelefilmar, m.a. *Lille frøken Norge* og *Kurt blir grusom*, og komponerer no musikken til filmen *Kong Curling* av og med Atle Antonsen. Steinjo er dessutan kjend som programleiar og skodespelar i *Slå på ring* og *Påpp & Råkk*, der han òg hadde regi.





MADS OUSDAL har vore tilsett ved Nationaltheatret sidan 2000 og mellom anna hatt roller i *Lang dags ferd mot natt*, *Hvem er Ernest?*, *Sporvogn til begjer*, *Peer Gynt*, *Brødrene Karamasov* og *Blodig alvor*. For TV har Ousdal mellom anna spela i seriane *Fire høytider* og *Kodenavn Hunter* og han har hatt roller i filmar som *Detektor*, *Det største i verden*, *I et speil i en gåte* og *Kommandør Treholt & Ninjatropen*. Ousdal fekk Heddaprisen i 2009 for rolla som Ivan i *Brødrene Karamasov*.



JAN GRØNLI debuterte på Den Nasjonale Scene i 1971 og har vore tilsett ved Det Norske Teatret frå 1991 til 2005 og frå 2006. Han har gjennom åra gjort mange viktige roller, som Ibsens Einar, Dr. Rank, Løvborg, Tesman, Osvald, Peer Gynt og John Gabriel Borkman, og som Shakespeares Skyttel, Mercutio, Macbeth og Hamlet. Grønli fekk Heddaprisen for *Teatermakeren* av Thomas Bernard i 2004, dessutan er han fast skurk i Olsenbanden jr.-filmene.





PER SCHAANNING har vore knytt til Det Norske Teatret sidan 1997. Han har medverka i mellom anna *Bikubesong* av Frode Grytten, *Døden i Teben* av Jon Fosse/Sofokles, *Sur grus* av Erlend Sandem og *Familien* av Tracy Letts. Schanning har spela i fleire filmar, mellom anna *Kunsten å tenke negativt*, *Den brysomme mannen* og *Knerten*-filmene.



NINA WOXHOLTT har vore tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1990. Her har ho hatt tittelrolla i *Pippi Langstrømpe* og *Antigone*. Andre hovudroller har mellom anna vore i *Dagskilje*, *As You Like It*, *Misantropen* og *Historia om ein landsby*. Ho har òg gjort Solveig i *Peer Gynt* på Teatret Vårt i Molde og Den grønklede i NRK fjernsynet. Woxholt har spela i fjernsynsseriane *Ole-Aleksander Fili-Bom-Bom-Bom*, *Vestavind* og *Fox Grønland*, som ho fekk Gullruten for som årets beste tv-skodespelar i 2003.



JON EIVIND GULLORD har vore tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1985. Mellom dei viktigaste rollene er Den narkomane i Lars Norens *Personkrins 3:1*, tittelrolla i Shakespeares *Henrik IV*, Tabacqui i *Jungelboka* og Vampyren Stellan i *Den hemmelege hagen*.




MORTEN ESPELAND debuterte i 1998 som Peter i *Anne Franks dagbok* på Den Nationale Scene. Her spela han også Guten i *Den 25. timen*, ei rolle han vart nominert til Heddaprisen for. På Det Norske Teatret har han vore sidan 1999, og spela i mellom anna *Neverland*, *Så blir det stilt*, *Verdas mest forelska par*, *Dustefjerten* og *Andungen*, *Vakkert* og *Don Carlos*. I 2008 fekk han Heddaprisen for beste mannlege birolle for Peter Karpati i *Den arabiske natta*.




MARIE BLOKHUIS var tilsett ved Nordland Teater frå 2001 til 2006, der ho mellom anna spela Karl Løvehjerte i *Brødrene Løvehjerte*, Julie i *Romeo og Julie* og Eva Braun i *Eva – Hitlers elskede*. Blokhuis gjekk ut frå Statens Teaterhøgskole i 2010 og blei engasjert ved Det Norske Teatret same varen. Her har ho spela Lotte i *Unge Werthers lidingar*. Blokhuis er med i den frie teatergruppa Asklepeios Hane.



JORUNN KJELLSBY har vore tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1977. Her har ho m.a. hatt rolla som Big mama i Tennessee Williams *Katt på heitt blekket*. Ho har vore med i *Angsten et sjela*, som ho blei nominert til Heddaprisen for, *Bikubesong* og *Eit lykkeleg sjølv-mord*. Kjellsby har spela i alle filmene til duoen Wam & Wennerød og har medverka i fleire TV-seriar som *Fleksnes*, *Jul i Blåfjell* og *Sejer – Djevelen holder lyset*. I 2006 mottok Kjellsby Amanda-komiteens ærespris. I 2010 spela ho i filmen *En ganske snill mann*.



GARD S. SKAGESTAD debuterte på Den Nationale Scene i 1997. Skagestad er kjend for ei rekkje roller der, m.a. i *Kaptein Marlows testamente*, *Romeo og Julie*, *Hvem er redd for Virginia Woolf?*, *Festen*, *Et dukkehjem*, *Ved Kattemyra*, *Vildanden*, *Idioten*, *Lille Eyolf*, *Farlige forbindelser*, *Netter i Beirut*, *Samtaler med Mamma* og *Min Familie*.



NIKLAS GUNDERSEN har vore skodespelar og dansar ved dei fleste teatra i Noreg og har mellom anna vore dansar i Carte Blanche og Jo Strømgren Kompani. På Det Norske Teatret har han hatt roller i *The Black Rider*, *Hair*, *Ingen skriv til obersten*, *An-Magritt*, *Døden i Teben*, *Tolvskillingsoperaen*, *Jungelboka*, *Jesus Christ Superstar* og *Den hemmelege hagen*. På filmlerretet har han medverka i *Buddy*, *Varg Veum* og *Taxi*, ein serie som snart er å sjå på NRK.





HEIDI RUUD ELLINGSEN er utdanna ved musikkteaterlinja ved Bårdarakademiet. Ho vann *Drømmerollen* på NRK, og med det rolla som Kathy Selden i *Singin' in the Rain* på Oslo Nye Teater. Ho har òg vore med i *Les Misérables*, *Spelemann på taket* og *Spring Awakening* på Oslo Nye Teater, *Nordaførr* på Nordland Teater, *Trollkoden* på Gålå, *Sol av Isfolket* i Valdres, *Peer Gynt* i Egypt og ho var i haust å sjå som Mary Lennox i *Den hemmelege hagen* på Det Norske Teatret.




HENRIK HORGE debuterte i *Piaf* på Det Norske Teatret i 1994. Han har sidan spela i m.a. *Hamlet* på Oslo Nye Teater, *Måne for livets stebarn* på Centralteatret og *Amadeus* og *Peter Pan* på Rogaland Teater. I 2010 var han å sjå i *Honningfellen* og *Desken* på NRK og i spelefilmen *Kommandør Treholt & Ninjatroppen*.



GRETHE RYEN har vore tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1977. Her har ho mellom anna spela i *Ungen*, *Læraren*, *Spelemann på taket*, *Gaukereiret*, *Ronja Røvardotter*, *Måken*, *Bikubesong* og *Svart mjølk*. Ryen har også medverka i filmar og TV-seriar mellom anna *I de beste familier*, *Seier – se deg ikke tilbake*, *Fox Grønland*, *Lekstue* og *Skolen*.







INGEN FALSKE

Depotbiblioteket



76g0 66 607

Vi er den største H-D forhandlaren i Noreg med over 2000 m2 butikk.
Kom innom til ein hyggeleg sykkelprat og førebu deg på neste mc-sesong.
Du vil ikkje angre - **VI LOVAR**

LAZYBOYZ
SPEED & CUSTOM WORKS AS



